



Kvam herad

## Trafikksikringsplan for Kvam

### 2020 - 2023



Foto: Aud Charlotte Økland



### NULL-visjonen

Ingen hardt skadde eller omkomne i trafikken i Kvam

Godkjent 18.02.2020 Heradsstyre vedtak 006/20



Kvam herad

# **POLITISK GODKJENNING AV TRAFIKKSIKRINGSPLAN**

**HST - 006/20 VEDTAK, 18.02.2020:**

Kvam heradsstyre vedtek rådmannen sitt framlegg til Trafikksikringsplan for Kvam for planperioden 2020-2023 med følgjande endringar:

For å ivareta trafikksikkerheita best mogeleg ber Kvam heradsstyre om at det ikkje blir etablert busslommer innteikna i vegbana.

Kvam miljø, plan og bygg får i oppgåve å aktivt fylgja opp trafikksikringsplanen for Kvam herad i komande periode i lag med administrasjonen.

- Tillegg til punkt 7. Gravdal og Fv48
- Tillegg punkt 39: Etablera /rydda siksone i kryss Kaldestadvegen/ Kvam auto.
- Nytt punkt 41: Etablera kryssningspunkt/ oppheva gangfelt på Tolo, ved Rema 1000 ,Fv 79 , Norheimsund.
- Nytt punkt 42. Etablera kryssningspunkt/ oppheva gangfelt Fv 49 i Vikøy ved kryss til Framnes, og plassering av busstopp ved avkørsle til Framnes.
- Nytt punkt 43. Punkt etablering av gatelys. Område: heile Kvam. Det kjem mange innspel om manglande lyspunkt i heile heradet. MPB får i oppgåve i lag med administrasjonen, Kvam kraftverk, Bkk Kvinnherad, Hordaland fylkeskommune, å etablera ordning for att innspel vert tekne hand om, og realiserte/svara ut.

Følgjande tilleggspunkt må takast inn:

- Løysing for samanhengande sykkel- og gangveg fv 49 ved kyrkja i Vikøy sentrum.
- Samanhengande sykkel- og gangveg langs fv 79 på Nedre Norheim til gamleskulen.
- Sikre god siksone i kryss mellom Kaldestadvegen og Kvam auto.
- Plan/planaarbeid på strekkja Dragsbrua-Augastad fv 576 må avklarast for vidare framdrift
- Oppruste busstopp fv 79 på Nedre Norheim og Nedre Tolo med busskur

I heradet sine årsbudsjett i planperioden vert det sett av ein eigen post for trafikksikringstiltak som skal nyttast til gjennomføring av prioriterte tiltak i Trafikksikringsplanen.

For å gjennomføra prioriterte tiltak så raskt som mogleg, skal administrasjonen i tillegg til heradet si eigafinansiering nyta offentlege og private tilskotsordningar så langt råd er.

Prioriteringar i planen gjeld trafikksikring av vegnettet, og er ikkje ei prioriteringsliste for generell betring av vegstandard i heradet.

# INNHOLD

---

Politisk godkjenning av Trafikksikringsplan.....	2
<b>1 SAMANDRAG .....</b>	<b>6</b>
1.1 Kvar er vi? .....	6
1.1.1 Trafikkulukker: data og trendar.....	6
1.1.2 Samordning av trafikksikringstiltak .....	7
1.1.3 Evaluering av måloppnåing i høve til sist ts-plan .....	7
1.2 Kvar vil vi? .....	7
1.2.1 Mål.....	7
1.3 Korleis når vi dit? .....	8
1.3.1 Organisatoriske tiltak.....	8
1.3.2 Fysiske tiltak .....	8
1.3.3 Trafikantretta tiltak (haldning/åtferdsendrande) .....	11
1.3.4 Trafikksikring i kommunal planlegging .....	14
<b>2 INNLEIING .....</b>	<b>15</b>
2.1 Bakgrunn.....	15
2.2 Visjon og mål .....	16
2.2.1 Mål for perioden 2020-2023 .....	16
<b>3 HOVUDUTFORDRINGAR I KOMMUNEN .....</b>	<b>18</b>
3.1 Innspel frå publikum.....	18
3.2 Organisatoriske utfordringar .....	18
3.3 Fysiske utfordringar.....	18
3.3.1 Auka trafikk.....	18
3.3.2 Forventa større endringar i trafikkbiletet.....	20
3.3.3 Rassikring.....	20
3.3.4 Skilja harde og mjuke trafikantar (særleg skuleveg) .....	21
3.4 Ikkje-fysiske/trafikantretta utfordringar .....	22
3.4.1 Måling av effekt av trafikantretta tiltak .....	22
3.4.2 Høgare ulukkesrisiko blant innvandrarar .....	22
3.4.3 Samhandling mellom planar.....	23
3.4.4 Økonomi .....	23
<b>4 FØRINGAR FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>24</b>
4.1 Lovverk .....	24
4.2 Førings-strategi.....	24

4.2.1	Nasjonale føringer .....	24
4.2.2	Regionale føringer for trafikksikringsarbeidet.....	25
4.2.3	Lokale planar .....	26
4.2.4	Trafikksikker kommune .....	27
5	STRATEGI OG HANDLINGSPLAN .....	28
5.1	Overordna strategi .....	28
5.2	Organisatoriske tiltak.....	29
5.2.1	Trafikksikker kommune .....	29
5.2.2	Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.....	29
5.3	Fysiske tiltak på kort og lang sikt.....	31
5.3.1	Handlingsplan for fysiske tiltak.....	33
5.4	Trafikantretta tiltak .....	38
5.4.1	Definisjonar .....	38
5.4.2	Åtferdsendring nødvendig for å redusera trafikkulukker.....	38
5.4.3	Milepælar og endra trafikant-rollar.....	38
5.4.4	Trafikk i læreplanverket.....	39
5.4.5	Handlingsplan for trafikantretta tiltak.....	40
5.5	Kommunale planar .....	43
5.5.1	Arealplanlegging .....	43
5.5.2	Kommuneplanen sin arealdel.....	43
5.5.3	Reguleringsplanar .....	45
5.6	Økonomi .....	45
6	VEDLEGG .....	46
6.1	KVA KOSTAR PRIORITERTE FYSISKE TILTAK .....	46
6.2	Trafikksikker kommune .....	50
6.3	Skadestatistikk og ulukkesanalyse for perioden 2014-2018 .....	51
6.3.1	Skadeutvikling.....	51
6.3.2	Utviklingstrend trafikkskadar i Kvam.....	52
6.3.3	Kven rammar trafikk-ulukkene? .....	53
6.3.4	Når skjer ulukkene? .....	53
6.3.5	Kor alvorlege er trafikk-skadane?.....	55
6.3.6	Trend mot nullvisjonen.....	55
6.3.7	Fordeling av ulukker mellom dei ulike aktørane .....	56
6.3.8	Kvar skjer ulukkene? .....	58
6.3.9	Korleis skjer ulukkene? .....	59
6.3.10	Kvífor skjer ulukkene? .....	59

6.3.11	Kva kostar trafikkulukkene? .....	59
6.4	Innspel til planen .....	61

# 1 SAMANDRAG

Trafikksikringsplan for Kvam er rullert for perioden 2020-2023. Ei prosjektgruppe med representantar frå Statens vegvesen, trafikkskule, transportnæring, Trygg Trafikk, politi, ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre og Kvam herad har stått for rulleringsprosessen.

Innspel til planen kom frå mange ulike sektorar som grendeutval, transportsektor, skular og barnehagar, trafikkskule. Statens vegvesen, fylkeskommune og enkelt-personar.

Formål med planen:

- gje ei heilskapleg oversikt over ts-forholda i Kvam.
- leggja grunnlag for tiltak i perioden 2020-2023 som i sum skal bidra til reduksjon av ulukker med skadde på vegane i kommunen. Slike tiltak skal inkludera både fysiske og ikkje-fysiske tiltak.
- vera eit grunnlag for prioritering av ts-midlar innanfor dei rammer som vert tilgjengelege.

## 1.1 KVAR ER VI?

### 1.1.1 Trafikkulukker: data og trendar

Statistikken frå 1989 til 2018 viser ei gledeleg utvikling med færre ulukker og færre skadde på kvammavegane, og dette samsvarar godt med den nasjonale trenden.

Aldersgruppa 15-20 år er sterkt overrepresentert i skadebiletet med ca 29% av totalen i perioden 2014-2018.

Det same finn ein også på landsbasis.



Dei fleste trafikkulukkene skjer på kvelden rundt helgane på tidleg-sommar. 65% av ulukkene skjer mellom fredag og måndag, dvs den tida trafikken er størst. Mai-juni er sterkest belasta med 33% av ulukkene. Ca halvparten av ulukkene skjer mellom kl 12-18.


Trafikkskadde i bilulukker dominerer med 57%, medan mc/moped-ulukker utgjer 30%. Talet på fotgjengar- og sykkelulukker er moderat (4%), men er truleg sterkt under-rapportert i ulukkes-statistikk.

Fleire av dei mest ulukkesutsette strekningane i kommunen er no utbetra gjennom "Kvammapakken", men det er for tidleg å konkludera kva langtidseffekten av dette vil bli. Ulukkeskartet for 2014-2018 viser ei fortetting av ulukker i sentrumsnære område i Norheimsund og Øystese og dessutan i Tokagjel. Elles er ulukkene geografisk spreidde i kommunen.

### 1.1.2 Samordning av trafikksikringstiltak

Det er halde årlege koordineringsmøte mellom Kvam herad, Statens vegvesen og politiet om framdrift i gjennomføring av gjeldande trafikksikringsplan (ts-plan).

Ei tverrfagleg gruppe er i gang med arbeid for at Kvam herad skal verta ein «Trafikksikker kommune» etter Trygg Trafikk sine kriterium. Målet er godkjenning innan utgangen av 2020.



### 1.1.3 Evaluering av måloppnåing i høve til sist ts-plan

Effekt-mål for 2016-2019	Målloppnåing
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde til 9 personar/år for perioden 2016-2019	Vert ikkje oppfylt (13.7 skadde pr år i perioden 2016-2018).
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde innan aldersgruppa 15-24 år til 4 skadde/år for perioden 2016-2019	Kan bli oppfylt (4.6 skadde pr år i perioden 2014-2018)
Ha rullert trafikksikringsplanen innan utgangen av 2019	Oppfylt. Oppstart rullering april 2019. Godkjend ... 2019
Alle strakstiltak i ts-planen gjennomførte innan utgangen av 2019	Delvis oppfylt, 58 %

## 1.2 KVAR VIL VI?

### 1.2.1 Mål

Overordna mål
Innan 2025 skal kombinasjonen av endra haldningars og åtferd, trafikksikre køyretøy og vegsystem føra til at ingen omkjem eller vert hardt skadde i trafikken ("0-visjonen").

Effekt-mål
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde til <u>6 personar/år</u> for perioden 2020-2023 (13.5 skadde/år i 2015-2018)
Redusera gjennomsnittstal for trafikkskadde innan <u>aldersgruppa 15-24 år</u> til <u>3 skadde/år</u> for perioden 2020-2023 (5 skadde/år i 2015-2018)

Redusera talet på omkomne/svært alvorleg skadde i trafikken i gjennomsnitt/år: 2015-2020: 0.3      2021-2025: 0.2      (0.25 i perioden 2015-2018)
Ha rullert trafikksikringsplanen innan utgangen av 2023
Minst 80% av alle prioriterte strakstiltak gjennomført og minst 50% av prioriterte langsiktige tiltak i ts-planen påbyrja innan utgangen av 2023
Vera godkjend som «Trafikksikker kommune» innan utgangen av 2020
Eigen post for trafikksikring skal vera inkludert i kommunale årsbudsjett for å sikra gjennomføringskraft

## 1.3 KORLEIS NÅR VI DIT?

### 1.3.1 Organisatoriske tiltak

Tema	Spesifikasjon	Ansvar
Trafikksikker kommune	Etablera tverrfagleg trafikktryggleiksgruppe.  Arbeida for godkjenning av Kvam som «Trafikksikker kommune» innan utgangen av 2020. <a href="http://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/">www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/</a>	Rådmann
Tverrfagleg koordinering	Årleg koordineringsmøte om fysiske trafikksikringstiltak (Kvam herad, Statens vegvesen*, politi)  Årleg samordning av trafikanretta tiltak (Kvam herad, Trygg Trafikk, politi og andre).	Teknisk sjef  Folkehelse-koordinator
Farleg skuleveg	Tverrfagleg nemnd oppdaterer årleg liste over særleg farleg og vanskeleg skuleveg. Nemnda har representantar frå Kvam herad, politi og Statens vegvesen.	Nemnd vert innkalla av Leiar for oppvekst
Informasjon	Skadestatistikk, analysar, artiklar, prosjekt vert lagt ut på sosiale media	Einingsleiarar, informasjonsrådgjevar

\* Uklart om det vert Statens vegvesen eller Vestland Fylkeskommune som følgjer opp ansvarsoppgåvene frå 2020

### 1.3.2 Fysiske tiltak

Fokus-omåde:

Trygg skuleveg inkl nærområde ved skule og barnehage (gang og sykkelveg, veglys, transport)
Kryssings- og punktutbetringar
Samanhengjande gang og sykkelveg mellom Laupsa-Lid-Aksnes
Siktbetring langs veg
Fartsreduserande tiltak

Tidmessig er tiltaka delte opp i:

- ☒ "Strakstiltak": Tiltak det er realistisk å gjennomføra i perioden, og som ikkje krev planprosess. Desse tiltaka er tenkt gjennomførte i perioden 2020-2023 under føresetnad av at midlar vert sikra i budsjetta. Type tiltak er: *veglys, siktutbetring, kryssingspunkt, fartsdemparar, skilting, kontrollar.*
- ☒ "Langsiktige": Større tiltak som kan krevja reguleringsendringar, grunnerverv og finansiering som går ut over det kommunale trafikksikringsbudsjettet og dei forventa årlege regionale tilskota til trafikksikring. Tiltak der planarbeid eller fysiske arbeid er tenkt starta opp innan utgangen av 2023.

Topp-prioriterte tiltak (S=kortsiktig, L=langsiktig). Ei meir omfattande tiltaksliste er vist i kap 5.3.1

Kategori	Nr	Pri	Stad	spesifikasjon	Ansvar
Gang/sykkel-veg			Lidarende-Odland fv 49	Komplettering av g/s veg Vikøy-Aksnes	Vestland
	1	S	Øystese-Laupsa fv 79	Komplettering av gang og sykkelveg på strekning. Skilting av smal veg. Skuleveg	Vestland
	2	S	Vikedal-Ålvik fv 79	Utarbeida reguleringsplan for den delen som manglar på strekninga	Vestland/KHERAD
	3	S	Ålvik	Opparbeida gangveg på strekninga pensjonisten-Torget	KHERAD
Fart	7	S	Gjennomgang av fartstiltak i tettstader. Tiltak vert basert på trafikk-/fartsmåling fv 79, fv 49 og fv 576	Vikedal-Ålvik , Øystese-Laupsa, Vikøy, Norheimsund sentrum, Sandven v FUS, Oma sentrum, Mundheim sentrum. Deler av dette er skuleveg.	Vestland/KH
Kryssings-punkt/gangfelt	11	S	X fv 49 DalheimTørvikbygd	Stor trafikk til ferja. Skuleveg. Fartsmåling som basis for evt tilleggstiltak	Vestland

	12	S	Kryssing fv79 v Esso Øystese mot Vavollen	Dårleg sikt over varamur for små born. Skuleveg	Vestland
Siktbet- ring	19	S	Heile kommunen	Hekk-kampanje «Klipp hekk og buskar»	KHERAD
	20	S	Årleg vegetasjonsreinsk	Kommunale vegar Fylkesvegar	KHERAD Vestland
Veg- utbetring	30	S	Kvam ungdomsskule- Nedre Vik	Skuleveg. Etablering av ny veg i samsvar med reguleringsplan eller ny sentrumsplan for Øystese	KHERAD
Hjarte- sone	36	S	Kvam ungdomsskule, Øystese	Skuleveg. Stor trafikk, uklare navigasjonsruter, nesten-ulukker. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU
	37	S	Øystese barneskule	Området rundt skulen har mykje trafikk. Interessekonflikt harde/mjuke trafikantar. Områdeplan vert påbegynt. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU
	38	S	Norheimsund skule	Stor trafikk. Farlege situasjonar ved konfliktar mellom mjuke/harde trafikantar. Reg-plan for nærområdet vert utarbeidd. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD KHERAD/FAU
Andre	39	S	Norheimsund, ved Kvam Auto mot Kaldestad kv 13	Sikring av veg mot bekk. Skuleveg	KHERAD
	40	S	Vetletveit Ålvik kv 1119	Sikring av bekk – akutt tiltak, Vetletveitvegen 12 og 15. Skuleveg	KHERAD

#### Kostnad og finansiering av fysiske tiltak:

Mange av desse er krevjande tiltak. Kostnadsestimat kan berre gjerast etter at planar er meir detaljerte. Stipulerte kostnader for topp-prioriterte tiltak er truleg i storleiksorden kr 50-70 mill. Dei tyngste del-prosjekta er knytte til gang- og sykkelvegar.

Finansiering er tenkt gjennom investerings- og driftsmidlar i Kvam herad i kombinasjon med Vestland fylkeskommune/Statens vegvesen sine trafikksikringsmidlar.

I tillegg er det potensiale for synergifeffekt ved kombinerte tiltak (trafikksikring i samband med leidningsomlegging og andre infrastruktur-prosjekt).

### 1.3.3 Trafikanntretta tiltak (haldning/åtferdsendrande)

Tiltak retta mot viktige milepælar for ulike aldersgrupper etter kvart som dei vert eksponerte for nye trafikk-situasjonar og/eller skifter trafikant-rolle:

Fokus-gruppe	Utfordringar
<b>Små born 0-5 år</b>	Sikring av born i bil, bruk av refleks
<b>Born 6-15 år</b>	Nye på skulevegen, ferdseil mellom heim og barnehage og skule, bruk av sykkel til skulen
<b>Ungdom 16-20 år</b>	Bruk av moped, start øvingskjøring med bil, nye bilførarar
<b>Unge vaksne 21-35 år</b>	Foreldre-rolle i trafikk. Skuleveg-problematikk
<b>Vaksne</b>	Oppdatering på trafikkreglar og eigen kjøyre-evne
<b>Innvandrarar</b>	Tilpassa trafikk-kultur til norske reglar

Tiltaka inkluderer informasjon, korrigering av åtferd, rolle-medvit, og ansvarsoppskriving av foreldra si rolle.

Mål-gruppe	Tiltak	Ansvar
<b>Små born 0-5 år</b>	<p><u>Helsestasjon</u> har utarbeidd dokumentasjon for når og korleis trafikktryggleik vert innført i møte med foreldre og born.</p> <p>Miljø og tryggleik som tema ved kvar konsulasjon i alderstrinn 0-5 år.</p> <p><b>Heimebesøk:</b> 2 stk brosjyrer «Dyrebar last, Barns miljø og sikkerhet 0-6 mnd»</p> <p>Førebygging av ulukker og skader</p> <p><b>Barselgrupper, 6 veker, 3 mnd, 4 mnd, 5 mnd:</b> «Barns miljø og sikkerhet, 0-6 mnd»</p> <p><b>6 mnd, 8 mnd, 10 mnd, 1 år, 15 mnd, 18 mnd</b> «Barns miljø og sikkerhet, 6 mnd-2 år»</p> <p><b>2 år:</b> « Barns miljø og sikkerhet 2-4 år»</p> <p><b>4 år:</b> « barns miljø og sikkerhet 4-6 år»</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Skulestart 1.klasse:</b> «barns miljø og sikkerhet»</li> </ul> <p><a href="http://www.tryggtrafikk.no/sikring-av-barn-i-bil/nyttige-brosjyrer-om-barn-bil/">www.tryggtrafikk.no/sikring-av-barn-i-bil/nyttige-brosjyrer-om-barn-bil/</a></p>	Leiar for helsestasjon og skulehelse-tenesta

	<u>Barnehage</u>  <i>Trafikktryggleikstiltak skal vera i tråd med kriteria for barnehagar i trafiksikker kommune,</i> <a href="http://www.tryggtrafikk.no/trafiksikker-kommune/">www.tryggtrafikk.no/trafiksikker-kommune/</a>  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikktryggleik integrert i opplæring og nedfelt i årsplan</li> <li>• Trafikktryggleik som krav ved innkjøp av transporttenester</li> <li>• Rutinar for tryggleik for tur til fots eller med motorisert framdrift</li> <li>• Opplæring i trafikkreglar for fotgengarar</li> <li>• Opplæring i å bruka sansane i trafikken</li> <li>• Opplæring i å bruka refleks, bilbelte og hjelm</li> <li>• Trafikkopplæring og -tryggleik årleg tema på foreldremøte <a href="http://www.barnastrafikkklubb.no">www.barnastrafikkklubb.no</a></li> </ul>	Styrar barnehage
<b>Born 6-15 år</b>	<u>Skule</u>  <i>Trafikktryggleikstiltak skal vera i tråd med kriteria for skule i trafiksikker kommune,</i> <a href="http://www.tryggtrafikk.no/trafiksikker-kommune/">www.tryggtrafikk.no/trafiksikker-kommune/</a>  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen har integrert trafikkopplæring i læreplan/årsplan i tråd med kompetanse måla i gjeldande nasjonal læreplan</li> <li>• Trafikktryggleik som krav ved innkjøp av transporttenester</li> <li>• Rutinar for tryggleik for tur til fots, på sykkel eller med motorisert framdrift</li> <li>• Trafikkopplæring og -tryggleik årleg tema på foreldremøte</li> <li>• Foreldre og føresette vert involverte i trafikktryggleiksarbeidet til skulen, t.d. gjennom foreldrearbeidsutvalet (FAU)</li> </ul>	Rektor
	<u>Barnetrinnet (1-4 trinn)</u>  Trafiksikring som fast tema i årsplan <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av sykkel og sykling i trafikk</li> <li>• Bussvakter på haldeplassane ved skulen</li> <li>• Utdeling av refleksvestar til alle 1. klassingar (tilskot via politi)</li> <li>• Prosjekt trafikktryggleiksdag</li> <li>• Møte med foreldre/føresette knytt til trafikkrelaterte tema <a href="http://www.tryggtrafikk.no/skole/4-7-trinn/sykkelopplaering/">www.tryggtrafikk.no/skole/4-7-trinn/sykkelopplaering/</a></li> </ul>	Rektor

	<p><u>Mellomtrinnet ( 5-7 trinn)</u></p> <p>Trafikksikring som fast tema i årsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte med foreldre/føresette knytt til trafikkrelaterte tema</li> </ul>	Styrar, evt i samarbeid med eksterne ressursar
	<p><u>Ungdomstrinnet (8-10 trinn)</u></p> <p>Trafikksikring som fast tema i årsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Møte med foreldre/føresette knytt til trafikkrelaterte tema</li> <li>• Førstehjelpskurs (Røde kors, brannvern, bedriftshelse 1)</li> <li>• Info-samling om privat øvingskøyring for 16-åringar</li> <li>• Jobba for valfag trafikk</li> </ul>	Styrar Statens veg/trafikkskular Oppvekstsjef
<b>Ungdom 16 - 20 år</b>	<p>VG 1: trafikktryggleiksdag</p> <p>VG 2/VG 3: prosjekt ungdom, trafikk og rus</p>	Rektor i samarbeid med eksterne aktørar (Statens veg, politi, trafikkskule, folkehelsekoordinator)
<b>Unge vaksne 21 - 35 år</b>	<p>Opparbeida sykkelparkeringspunkt på sentrale stader for å få opp bruken av sykkel</p> <p>Vurdera service punkt for sykkel</p> <p>Kontrollar (rus, alkohol, bilbelte, fart)</p>	Statens veg/Kvam herad Kvam herad Politi
<b>Vaksne</b>	<p>Bruk av sosiale medium for informasjon: ulukkesinfo, artiklar med fokus på lokale trafikkproblem, publisering av prosjekt i vidaregåande skular</p> <p>Tilbod om gjenoppfriskingskurs (særleg 65+)</p> <p>Kontrollar (rus, alkohol, bilbelte, fart)</p>	Folkehelsekoordinator i samarb med eksterne aktørar Stat veg/ trafikkskular Politi
<b>Innvandrarar</b>	<p>Trafikktryggleik som del av introduksjonsprogrammet</p> <p><a href="http://www.tryggtrafikk.no/skole/trafikksikkerhet-pa-flere-sprak/">www.tryggtrafikk.no/skole/trafikksikkerhet-pa-flere-sprak/</a></p> <p><a href="http://pafleresprak.tryggtrafikk.no/portal">http://pafleresprak.tryggtrafikk.no/portal</a></p>	NAV/vaksenopplæring

#### **Kostnad og finansiering av trafikantretta tiltak:**

Normalt er kostnad av desse inkludert i ordinære driftsbudsjetter. For særlege tiltak som kampanjar, prosjekt og liknande kan det søkjast om tilskot frå fylkeskommunen sine trafikksikringsmidlar.

#### **1.3.4 Trafikksikring i kommunal planlegging**

I overordna planar skal trafikksikring vera med som:

- tema i alle arealplanar i Kvam ("føre-var"-prinsipp)
- eigen post i dei kommunale årsbudsjetta (for å sikra gjennomføringskapasitet)

## 2 INNLEIING

---

### 2.1 BAKGRUNN

I samband med Trafikksikringsplan for Kvam for perioden 2001-2004 gjorde Heradsstyret i Kvam 21 mars 2000 flgj vedtak:

*"å setja i gang utarbeiding av ein kommmunal trafikksikringsplan som legg føringar for administrative og politiske vedtak innan trafikksikring og planarbeid i Kvam.*

*Trafikksikringsplanen skal gå inn som del av det totale tryggleiksarbeidet i kommunen, og skal samordnast med prosjektet "Tryggleik vårt ansvar"*"

Den første trafikksikringsplanen for 2001-2004 har vore rullert for periodane 2006-2010, 2012-2015, 2016-2019 og no for 2020-2023.

Rulleringsarbeidet for denne plan-perioden starta i mai 2019.

Innspel til planarbeidet vart invitert frå skular, bornehagar, grendeutval, eldreråd, ungdomsråd, vegvesen, Trygg Trafikk, politi, fylkeskommune, trafikkskular og transport-næring. I alt er det registrert 202 innspel, somme av dei på same tiltak. Desse er vurderte av prosjekt-gruppa, og prioriterte tiltak inngår i handlingsdelen av planen.

Trafikksikringsplan for Kvam 2020-2023 er ein fagplan/handlingsplan, og er ikkje handsama som ein kommunedelplan. Bakrunnen for dette er som for tidlegare rulleringar at handsaming som kommunedelplan vert vurdert som meir tids- og ressurskrevjande utan at ein nødvendigvis ville få noko meir igjen til slutt.

**Prosjektgruppa takkar alle som har bidrige med kartlegging av trafikktryggleiksproblem og framlegg til tiltak.**

Prosjektgruppa som har jobba med trafikksikringsplanen, har vore:

Terje Vidar Hoel	Statens vegvesen
Knut Olav R Nestås	Trygg Trafikk
Ole Gunnar Sekse	Kvam Trafikkskule
Geir Ove Neteland	Suldal Transport
Anne Siri Tysseland/Magnus F Pedersen	Kvam og Samnanger lensmannskontor
Marit Heidi Seim	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre
Leiv Ingmar Kaale	Kvam herad, offentlege planar
Astrid-Anett Steine	Kvam herad, oppvekst
Nils Eivind Stranden	Kvam herad, drift kommunalteknikk
Tor Børve Rasmussen	Kvam ungdomsråd
Reidun Braut Kjosås	Kvam folkehelsekoordinator
Tore Skeie	Kvam herad, prosjektleiar
Asbjørn Flatebø	<i>Kvam herad, assistert med tema-søk og felt-registreringar</i>

## 2.2 VISJON OG MÅL



### Visjon

«**Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid» der ingen vert hardt skadde eller omkjem på vegane i kommunen**



### Overordna mål

Kvam – ein trygg og god kommune å bu, leva og ferdast i  
Innan 2025 skal kombinasjonen av endra haldningars og åtferd, trafikksikre køyretøy og vegsystem føra til at ingen omkjem eller vert hardt skadde i trafikken i Kvam ("O-visjonen").

### 2.2.1 Mål for perioden 2020-2023

#### 2.2.1.1 Effektmål (målbare suksess-kriterium)

Effekt-mål
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde til <u>6 personar/år</u> for perioden 2020-2023 (13.5 skadde/år i 2015-2018)
Redusera gjennomsnittstal for trafikkskadde innan <u>aldersgruppa 15-24 år til 3 skadde/år</u> for perioden 2020-2023 (5 skadde/år i 2015-2018) <i>Kvifor:</i> <ul style="list-style-type: none"><li>○ <i>gruppa er sterkt over-representasjon i skadestatistikken</i></li><li>○ <i>stort individuelt tap av livskvalitet over lang tid</i></li><li>○ <i>høg samfunnuskostnad (livsløpskostnad)</i></li></ul>
Redusera talet på omkomne/svært alvorleg skadde i trafikken i gjennomsnitt/år: 2015-2020: 0.3 2021-2025: 0.2 (0.25 i perioden 2015-2018)
Ha rullert trafikksikringsplanen innan utgangen av 2023
Minst 80% av alle prioriterte strakstiltak gjennomført og minst 50 % av prioriterte langsiktige tiltak i ts-planen påbyrja innan utgangen av 2023
Vera godkjend som «Trafikksikker kommune» innan utgangen av 2020 <i>Inneber m.a.</i> <ul style="list-style-type: none"><li>○ <i>Trafikksikring som tema skal vera strategisk forankra på politisk og administrativt nivå, og inngå i det totale HMS-arbeidet i kommunen</i></li><li>○ <i>Trafikksikring og tryggleik skal vera tema i kommuneplanen og i alle arealplanar</i></li><li>○ <i>Trafikksikring skal vera ein prioritert del av folkehelse-arbeidet i kommunen</i></li></ul>

Eigen post for trafikksikring skal vera inkludert i kommunale årsbudsjett for å sikra gjennomføringskraft

### **2.2.1.2 Evaluering av måloppnåing i tidlegare plan (2016-2019)**

<b>Effekt-mål for 2016-2019</b>	<b>Målloppnåing</b>
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde til 9 personar/år for perioden 2016-2019	Vert ikkje oppfylt (13.7 skadde pr år i perioden 2016-2018).
Redusera gjennomsnittstal på trafikkskadde innan aldersgruppa	Kan bli oppfylt (4.6 skadde pr år i perioden 2014-2018)
Ha rullert trafikksikringsplanen innan utgangen av 2019	Oppfylt. Oppstart rullering april 2019. Godkjend ... 2019
Alle strakstiltak i ts-planen gjennomførte innan utgangen av 2019	Delvis oppfylt, 58 %
Vera godkjend som «Trafikksikker kommune» innan utgangen av 2019	Ikkje oppfylt
Eigen post for trafikksikring i kommunale årsbudsjett	Oppfylt

Som sagt i tidlegare ts-planar, veit vi ikkje sikkert kva årsakene er til at måla i tidlegare ts-plan ikkje vart oppfylte. Fleire faktorar kan tenkjast:

- Dårleg samsvar mellom ambisjonsnivå og tiltaksstyrke
- For liten merksemd mot høgrisiko-grupper ("tiltaket traff ikkje tilstrekkeleg godt")
- Utilstrekkelege ressursar mobiliserte
- Ulike prioriteringar mellom aktørar i trafikken (veg-eigarar og andre har sine eigne prioriteringar som ikkje nødvendigvis fell saman med prioriteringane i ts-plan for Kvam)

Dei statistiske årstala for trafikkulukker er relativt små, og kan ha store variasjonar over tid. Det er difor relevant å sjå utviklingstrenden over ein lengre tidsperiode.

## 3 HOVUDUTFORDRINGAR I KOMMUNEN

---

### 3.1 INNSPEL FRÅ PUBLIKUM

#### EVALUERING

- Fell tiltaket inn under dei prioriterte satsingsområda?
- Er utryggleikspunktet eller strekninga spesielt ulukkesutsett?
- Er det registrert stor utryggleikskjensle på staden?
- Er tiltaket knytt til trygg skuleveg?
- Gjev tiltaket god ts-effekt?
- Finst det godkjend reguleringsplan?
- Må grunn kjøpast?
- Er det innanfor realistisk kostnadsramme?

#### UTFORDRINGAR

- Folk flest tenkjer på fysiske tiltak og i mindre grad på trafikantretta tiltak som det mest nødvendige
- Ansvar for eigne handlingar er avgjerande for å få ned talet på trafikk-skadde
- Trafikksikring er av natur langsiktig
- Kvar er tiltaksbehova størst?
- Formidling av føringar og grunngjeving for prioriteringar av tiltak i planen

### 3.2 ORGANISATORISKE UTFORDRINGAR

Med stram kommune-økonomi er det ei konstant utfordring å prioritera mellom dei mange «gode formål». Å få tilstrekkeleg handlingskraft til tryggleiksarbeidet er ein kamp om ressursar sidan dette er aktivitetar som ligg i randsona av «må-oppgåver» i den kommunale kvardagen.

Utan sterkt forankring på administrativt og politisk nivå vil det vera vanskeleg å iverksetja trafikksikringstiltak som er inkluderte i Trafikksikringsplanen 2020-2023.

### 3.3 FYSISKE UTFORDRINGAR

#### 3.3.1 Auka trafikk

##### Veg-nettet i Kvam

Vegtype	Europaveg	Riksveg	Fylkesveg	Kommunal veg
Lengd (km)	0	0	142 km	Ca 110 km

##### Registrerte køyretøy

Pr 31.12.2018 var det registrert 7.341 køyretøy i Kvam herad. Dette er ein auke på 5.7% frå 2014.

Køyretøy - gruppe	Tal på køyretøy i Kvam			
	1999	2011	2014	2018
<b>Personbil</b>	3333	4064	4293	<b>4502</b>
<b>Buss</b>	83	23	15	<b>11</b>
<b>Kombi-bil</b>	236	103	72	<b>31</b>
<b>Varebil</b>	382	760	825	<b>965</b>
<b>Lastebil</b>	119	94	113	<b>101</b>
<b>Traktor</b>	604	785	856	<b>947</b>
<b>Moped</b>	218	470	461	<b>449</b>
<b>Motorsykkel</b>	142	257	312	<b>335</b> (lett 52, tung 283)
<b>SUM</b>	5117	6556	6947	<b>7341</b>

Kjelde: [https://kommuneprofilen.no/Profil/Samferdsel/DinRegion/samf\\_kjoretoptype\\_region.aspx](https://kommuneprofilen.no/Profil/Samferdsel/DinRegion/samf_kjoretoptype_region.aspx)

Bortsett frå køyretøy i gruppa buss/lastebil/kombi-bil/moped der det har vore ein nedgang, så er det til dels stor auke i dei andre køyretøy-typane. Samla sett har talet på køyretøy auka med 5.7% frå 2014 til 2018.

### Årsdøgnstrafikk (ÅDT)

Trafikkvolumet på vegnettet i Kvam er registrert på ein del veggpunkt, og vert rekna i årsdøgntrafikk. Endringar i trafikkvolumet ÅDT dei siste 10-15 åra på ein del veg-punkt:

Veg	Parsell	Punkt	1999	2010/ 2011	2018*	Endring i perioden	Periode
Fv 7	Hp 13	<b>Steinstø</b>	1407	1164	1024	-12%	2011-2018
Fv 7	Hp 15	<b>Skipadalen</b>	3739	3800	3487	-8%	2011-2018
Fv 7	Hp 17	<b>Kvamskogen</b>		2100	2458	+17%	2011-2018

<b>Fv 7</b>	Hp16	<b>Bomstasjon Lid</b>		1812	2080	+15%	2011-2018
<b>Fv 49</b>	Hp 16	<b>Aksnes</b>	1505	1520	1941	+28%	2011-2018

Kjelde: [www.vegvesen.no/fag/trafikk/trafikkdata/trafikkregistreringer](http://www.vegvesen.no/fag/trafikk/trafikkdata/trafikkregistreringer)

Høgste trafikkvolumet i kommunen er målt i Norheimsund sentrum med ÅDT 5000 i 2011.

Den strekninga som viser størst trafikkauge etter 2010, er fylkesveg 49 på Aksnes med 14.5 %. Auken er eit resultat av opninga av Jondalstunnelen i 2012 som kortar ned reisetida mellom Bergen og Odda og vidare sør- og austover.

### 3.3.2 Forventa større endringar i trafikkbiletet

Nokre endringar i transport-systemet som kan ha følgjer for trafikkmengda gjennom Kvam:


1. Trafikken med ferja Tørvikbygd-Jondal er jamt aukande. Ferjekai og tilhøyrande installasjonar må oppgraderast på begge sider av fjorden for å få full nytte av større ferjekapasitet. Truleg vil dette føra til større trafikk gjennom Norheimsund sentrum som dermed kan verta ein flaskehals.
2. Utbygging av Kvamskogen-tunell saman med utbetring av strekningar i Telemark vil truleg gje Røldal/Haukeli meir attraktiv for aust-vest-sambandet. Ein må forventa at dette fører til trafikkauge over Jondal som igjen inneber auka trafikk gjennom Norheimsund sentrum
3. Omkjøring under utbyggingsperioden av E16 Trengereid-Voss: viss trafikken vert slusa gjennom Kvam i anleggsfasen, vil dette bety ytterlegare press på trafikale flaskehalsar i kommunen.

Endringar gjennom Norheimsund sentrum som følge av dette, bør kartleggjast gjennom regelmessige trafikkmålingar (volum og type køyretøy), og planlegging av alternative trasear vera nødvendig. Å sikra myke trafikantar på strekkja Norheimsund-Tørvikbygd vil verta meir presserande med auka biltrafikk.

### 3.3.3 Rassikring

Dei seinare år har ras på fylkesvegane i kommunen vore årsak til omfattande trafikkproblem, men heldigvis utan at menneskeliv er gått tapt. Ras langs både fylkesvegar og kommunale vegar er ei stor utfordring og utgjer ein reell fare for trafikken i deler av Kvam.

## 5 Oversikt over skredpunkt på fylkesvegnettet



[www.vegvesen.no/\\_attachment/291615/binary/1091137?fast\\_title=Skredsikringsbehov+for+riks+og+fylkesvegar+i+Region+vest.pdf](http://www.vegvesen.no/_attachment/291615/binary/1091137?fast_title=Skredsikringsbehov+for+riks+og+fylkesvegar+i+Region+vest.pdf)

## 6 Skredsikringsbehov for fylkesvegar i Hordaland – høgast faregrad/sikringsbehov

Skredsikringsprosjekt i Kvam med høyeste faregrad i vegvesenet si liste er flgj:

Veg	Stad	Skredfaktor	Skredfaktor-gruppe	Kostnad	Tiltak
Fv 49	Snauehaugtunell-Hansagjeltunell	5.2	Høg	85 mill	Overbygg
Fv 49	Tokagjeltunell-Fossgjeltunell	5.1	høg	100 mill	Overbygg
Fv 48	Mundheim	4.4	Høg	400 mill	Tunell med lang portal
Fv 49	Vangdalsberget	4.0	Høg	8 mill	Isnett
Fv 576	Teigland	3.6	høg	2 mill	Isnett og bolting

### 3.3.4 Skilja harde og mjuke trafikantar (særleg skuleveg)

Eigne gang- og sykkelvegar vil ofte gje ei kjensle av auka tryggleik for dei mjuke trafikantane, og samtidig stimulera til større fysisk aktivitet og trivsel. Kvam har fleire strekkjer der gåande og syklande kjenner seg ute, og der avbøtande tiltak som t.d. skuleskyss vert sett på som nødvendig.

Eit overordna ønskje er eit samanhengjande gang-/sykkelveg nett mellom Laupsa-Lid-Aksnes, og mellom Vikedal og Ålvik sentrum.

Laupsa–Øystese sentrum, Vikedal–Ålvik sentrum og Ljones-Tørvikbygd er skulevegar der mange kjenner seg utrygge. Gjennom Kvammapakken er no fleire av dei tidlegare problemstrekningane utbetra, men nokre strekningar gjenstår og vert opplevde som utrygge, særleg gjenståande del av Laupsa – Øystese parsellen. Strekninga Odland-Lidarende i Vikøy er planlagd utbetra i 2020.

Nokre av dei topp-prioriterte fysiske tiltaka i denne planen gjeld nettopp gang- og sykkelvegar som del av skuleveg.

I tillegg til gang- og sykkelvegar er det også framleis ein del farlege kryssingspunkt ved fylkesvegar som bør utbetrast. Desse må adresserast som ledd i betra «trygg skuleveg».

## **3.4 IKKJE-FYSISKE/TRAFIKANTRETTA UTFORDRINGAR**

### **3.4.1 Måling av effekt av trafikantretta tiltak**

Helsefremjande og førebyggande arbeid har nokre særtrekk som kan vera utfordrande når det skal setjast i verk tiltak og måla effekt av desse:

- Det tek ofte svært lang tid frå iverksetting av tiltak til resultata kjem (månader, år, tiår)
- Når resultata (omsider) kjem, ser me dei ikkje. Resultatet er der, men i kraft av at noko ikkje skjedde
- Mange må bidra i gjennomføring av tiltak (trafikkskular, trygg trafikk, vegvesen, kommune, skule, barnehage, foreldre, enkelt individ, politikere, transportbransjen mv)

### **«Førebyggingsparadokset»**

Tiltak som tilsynelatande har liten/beskjeden effekt, men er retta mot mange, kan ha langt større effekt enn tiltak som har stor og målbar effekt på individnivå, men som treffer få.

I ts-planen har me under trafikantretta tiltak i stor grad løfta fram tiltak som rettar seg må «store» befolkningsgrupper. Me har vore opptekne av å ha jamne «drypp» med informasjon frå helsestasjon til barnehage, skule og vidare i vaksenlivet.

### **3.4.2 Høgare ulukkesrisko blant innvandrarar**

I dag er ca 10% av folketalet i Kvam innvandrarar. Det viser seg diverre at ikkje-vestlege innvandrarar er over-representerte i trafikkulukker.



Generelt sett viser litteraturen at innvandrarar har høgare risiko for ulukker og skader enn dei som er fødde og oppvaksne i Noreg. Registrering viser at innvandrarar frå Midt-Austen og Afrika med norsk førarkort har dobbelt så høg risiko for å bli innblanda i trafikkulukker med personskade enn bilførarar fødde i Noreg. Somme av desse kjem frå kulturar der trafikkreglar og praksis er annleis enn her til lands. Manglande språkkunnskap kan også bidra til dette.

NAV har saman med vaksenopplæringa prøvd ut eit opplegg med stønad til køyreopplæring for dei som har opparbeidd seg tilstrekkeleg norsk-kunnskap til å bestå testen «Norsk nivå 2». Dette er ei ordning som truleg kan utviklast vidare og vera eit godt tiltak både med tanke på integrering og køyreevn.

### 3.4.3 Samhandling mellom planar

Trafikktryggleik er i prinsippet sikra i arealplan-prosessane der ”føre-var”-prinsippet gjeld. Etterløysingar for å sikra trygg trafikk vert alltid dyre.

I planlegginga kan det oppstå konflikt mellom kravet om høg standard for framkomst og kravet om trygg ferdsel langs veg for alle typar trafikantar. Diverre vert dei mjuke trafikantane ofte ein salderingspost her.

### 3.4.4 Økonomi

Dei seinare åra har Kvam sett av ein samla årleg sum på kr 500 000-750 000 til trafikksikringstiltak. Innan denne ramma samt tilskot frå fylkeskommunale midlar, er det gjennomført ein heil del mindre fysiske tiltak i tillegg til det ordinære trafikantretta arbeidet gjennom skule og samfunn.

For å oppnå vidare nedgang i talet på trafikkskadar, er det ein føresetnad at nødvendige ressursar vert stilte til rådvelde i trafikksikringsarbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt.

## 4 FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Eit godt utbygd og trafikksikkert vegnett er eit viktig trivnads- og tryggleikselement i eit godt lokalsamfunn. Trafikksikringsplanen for Kvam tek sikte på å gje ein status over trafikksikringsutfordringane i kommunen, og samstundes gje eit godt grunnlag for prioriteringar innan trafikktryggleik i åra som kjem.

### 4.1 LOVVERK

Det finst ikkje noko spesifikt lovgrunnlag for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar, men det er ei rekke lover og forskrifter som verkar inn på trafikktryggleiken. Nokre av desse er:

<b>Veglova</b>	omfattar generelle tilhøve innan trafikktryggleik, m.a. planlegging, bygging og vedlikehald av veg, avkøyrslar, eigedomsinngrep og kven som er
<b>Vegtrafikklova</b>	med forskrifter og vedtekter utgjer grunnlaget for svært mange trafikksikringstiltak (trafikkreglar, skilting, kontrollar, krav til køyretøy)
<b>Plan- og bygningslova</b>	set krav til arealplanlegging og utforming av bygg og konstruksjonar, og er viktig for å kunna gjennomføra fysiske tiltak i kommunen.
<b>Folkehelselova</b>	Mål om fremja folkehelse og utlikna sosiale helsekilnader. Miljøretta helsevern er del av dette arbeidet
<b>Internkontroll-forskrifta</b>	Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder

Statens vegvesen si Håndbok V722 "Kommunale trafikksikkerhetsplaner – veiledning" er eit nyttig verktøy i planprosessen.

### 4.2 FØRINGS-STRATEGI



#### 4.2.1 Nasjonale føringer

Null-visjonen: ingen ulukker med omkomne eller hardt skadde i vegtrafikken



Planar	Tiltak
<b>Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018–2021</b> <a href="http://www.vegvesen.no/fag/fokusområder/trafikksikkerhet">www.vegvesen.no/fag/fokusområder/trafikksikkerhet</a>	136 målretta tiltak for å nå målet om maks 350 omkomne og hardt skadde på vegrar innan 2030
<b>Meld. St. 40 (2015-2016)</b> <b>Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering</b> <a href="http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20152016/id2513038">www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20152016/id2513038</a>	Målretta, tverrsektoriell, kunnskapsbasert og langsiktig innsats med overordna forankring og auka samordning.
<b>Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029</b> <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/</a>	Sikre vegrar, risikoåtfred i trafikken, spesielt utsette grupper i trafikken, teknologi, tunge køyretøy
<b>Barnas Transportplan</b>	Leggja til rette for at åtte av ti born og unge skal velja å gå eller sykla til skulen. Styrkja trafikktryggleik for born og unge. Vektleggja omsyn til born og unge i arealplanlegging og utvikling av transportsystem.

#### 4.2.2 Regionale føringer for trafikksikringsarbeidet

Planar	Tiltak																																																																																																																																		
<b>Regional transportplan 2018-2029/ Hordaland fylkeskommune sitt trafikksikringsarbeid jj. investeringsprogram m.v.</b> <a href="http://www.vegvesen.no/fag/fokusområder/trafikksikkerhet">www.vegvesen.no/fag/fokusområder/trafikksikkerhet</a>	<p>Fysiske tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>ta utgangspunkt i ulukkespunkt og -strekningar</li> <li>trafikksikringstiltak med tiltak knytt til syklande og kollektivreisande, særleg for born og unge knytt til trygge skulevegar.</li> <li>Vegstandarden på fylkesvegnettet i Hordaland gjer det svært utfordrande å etablere fullgod separering av vegbanane, men sinusfresing/midt- og kantoppmerking er planlagde kompenserande tiltak</li> </ul>																																																																																																																																		
<b>Etappemål :</b> Reduksjon i omkomne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland frå 85 i 2012 til 47 i 2024, og 33 i 2030. <table border="1"> <caption>Data for Fig. 10: Målkurve for Hordaland 2014-2023</caption> <thead> <tr> <th>År</th> <th>Drepte og hardt skadde totalt</th> <th>Riksveg</th> <th>Fylkesveg</th> <th>Kommunal veg</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>2000</td><td>109</td><td>60</td><td>40</td><td>10</td></tr> <tr><td>2001</td><td>105</td><td>55</td><td>35</td><td>10</td></tr> <tr><td>2002</td><td>100</td><td>50</td><td>30</td><td>10</td></tr> <tr><td>2003</td><td>95</td><td>45</td><td>25</td><td>10</td></tr> <tr><td>2004</td><td>90</td><td>40</td><td>20</td><td>10</td></tr> <tr><td>2005</td><td>85</td><td>35</td><td>15</td><td>10</td></tr> <tr><td>2006</td><td>100</td><td>60</td><td>40</td><td>10</td></tr> <tr><td>2007</td><td>95</td><td>65</td><td>35</td><td>10</td></tr> <tr><td>2008</td><td>90</td><td>55</td><td>30</td><td>10</td></tr> <tr><td>2009</td><td>85</td><td>50</td><td>25</td><td>10</td></tr> <tr><td>2010</td><td>80</td><td>45</td><td>20</td><td>10</td></tr> <tr><td>2011</td><td>75</td><td>40</td><td>15</td><td>10</td></tr> <tr><td>2012</td><td>70</td><td>35</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2013</td><td>65</td><td>30</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2014</td><td>60</td><td>25</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2015</td><td>55</td><td>20</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2016</td><td>50</td><td>15</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2017</td><td>45</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2018</td><td>40</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2019</td><td>35</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2020</td><td>30</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2021</td><td>25</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2022</td><td>20</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2023</td><td>15</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> <tr><td>2024</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td><td>10</td></tr> </tbody> </table>	År	Drepte og hardt skadde totalt	Riksveg	Fylkesveg	Kommunal veg	2000	109	60	40	10	2001	105	55	35	10	2002	100	50	30	10	2003	95	45	25	10	2004	90	40	20	10	2005	85	35	15	10	2006	100	60	40	10	2007	95	65	35	10	2008	90	55	30	10	2009	85	50	25	10	2010	80	45	20	10	2011	75	40	15	10	2012	70	35	10	10	2013	65	30	10	10	2014	60	25	10	10	2015	55	20	10	10	2016	50	15	10	10	2017	45	10	10	10	2018	40	10	10	10	2019	35	10	10	10	2020	30	10	10	10	2021	25	10	10	10	2022	20	10	10	10	2023	15	10	10	10	2024	10	10	10	10	<p>Ikkje-fysiske tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fart: ulike fysiske tiltak, automatiske trafikkontroll (ATK)</li> <li>Folkehelse: nasjonal målsetting er at 80% av born og unge mellom 6 og 15 år skal gå eller sykla til skulen. Gjennom å etablere trygge og attraktive gang- og sykkelvegar legg ein til rette for auka aktivitet og betre folkehelse.</li> <li>Hjartesone ved skulane: kan vere både fysisk tilrettelegging, men også trafikantretta arbeid på skulen, og mellom heim og skule.</li> </ul> <p>Organisatoriske trafikksikringstiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Inspirera til at nye kommunar arbeider fram mot godkjenning som « Trafikksikker kommune»</li> <li>Vidareføra tilskotsordning til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.</li> </ul>
År	Drepte og hardt skadde totalt	Riksveg	Fylkesveg	Kommunal veg																																																																																																																															
2000	109	60	40	10																																																																																																																															
2001	105	55	35	10																																																																																																																															
2002	100	50	30	10																																																																																																																															
2003	95	45	25	10																																																																																																																															
2004	90	40	20	10																																																																																																																															
2005	85	35	15	10																																																																																																																															
2006	100	60	40	10																																																																																																																															
2007	95	65	35	10																																																																																																																															
2008	90	55	30	10																																																																																																																															
2009	85	50	25	10																																																																																																																															
2010	80	45	20	10																																																																																																																															
2011	75	40	15	10																																																																																																																															
2012	70	35	10	10																																																																																																																															
2013	65	30	10	10																																																																																																																															
2014	60	25	10	10																																																																																																																															
2015	55	20	10	10																																																																																																																															
2016	50	15	10	10																																																																																																																															
2017	45	10	10	10																																																																																																																															
2018	40	10	10	10																																																																																																																															
2019	35	10	10	10																																																																																																																															
2020	30	10	10	10																																																																																																																															
2021	25	10	10	10																																																																																																																															
2022	20	10	10	10																																																																																																																															
2023	15	10	10	10																																																																																																																															
2024	10	10	10	10																																																																																																																															

#### 4.2.3 Lokale planar

Planar	Tiltak
<b>Kommuneplan for Kvam 2015-2030</b> <a href="http://www.kvam.no/fokusartikkel/den-nye-kommuneplanen-er-no-tilgjengeleg.38928.aspx">www.kvam.no/fokusartikkel/den-nye-kommuneplanen-er-no-tilgjengeleg.38928.aspx</a>	«Tettstadene og sentra med infrastruktur spesielt for gåande og syklande skal gje oss moglegheiter for vidare utvikling». Under overordna mål for stadutvikling seier planen at «sentra skal framstå som trafikksikre og trygge for mjuke trafikantar» ved at «Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegsystem i, rundt og gjennom sentra».
<b>Samfunnsdel</b>	Samfunnsdelen av planen vektlegg brei folkehelseplanlegging, «Helse i alt vi gjer», som ein av fleire grunnleggjande føringar.
<b>Arealplan</b>	Vedteken av heradsstyret 8.okt 2019. Tek opp i seg målsetjingar i samfunnsdelen.
<b>Kommunedelplan Kvamskogen</b>	Det føreligg godkjend delplan for Kvamskogen, men det er framleis ein del uavklara problemstillingar, t.d. trase og kvalitet på gang og sykkelveg. Dessutan er det ikkje vedteken løysing for ny tunell til Kvamskogen på fv 49.

#### 4.2.4 Trafikksikker kommune

Kriteria for å bli sertifisert som «Trafikksikker kommune» femner om kommunen si verksemد i full breidde og inkluderer m.a.

For å stimulera til arbeid med sertifisering som trafikksikker kommune vil fylkeskomunen sitt trafikksikringsutval kunna yta opp til 100.000 for dei første 10 kommunane i sitt fylke. Dei kommunane som arbeider for å verta godkjende som Trafikksikker kommune, vil få tilbod om nettverksbygging, kurs og kompetanseutvikling.

Kommunane vil vidare kunna søkja om tilskot til mindre, fysiske ts-tiltak forankra i lokal ts-plan.

Trygg Trafikk har også utarbeidd kriterium for «Trafikksikker barnehage» og «Trafikksikker skule» som vil vera ein naturleg del av «Trafikksikker kommune»-konseptet.

[www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/barnehage-trafikksikker-kommune/](http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/barnehage-trafikksikker-kommune/)

- ✓ **Organisatoriske tiltak** (forankra ansvar hos ordførar og rådmann)
- ✓ **Plan og forvaltning** (alle planar skal inkludera trafikksikring, kommunal ts-plan skal vera forankra i fylkeskommunen sin ts-plan)
- ✓ **Helse og omsorg** (kommunal folkehelsekoordinator skal delta, oppdatert oversikt over trafikkulukker)
- ✓ **Oppvekst, barnehage, skule:** skal




- ✓ Kommunen har forankra ansvaret for trafikktryggleiksarbeidet hos ordføraren og rådmannen. Den enkelte etatsleiaren kan ha delansvar.
- ✓ Kommunen har eit utval som har ansvar for trafikktryggleik.
- ✓ Kommunen har innarbeidd trafikktryggleik i HMS-/internkontrollsystemet sitt. Det inneheld reglar for reiser og transport i regi av kommunen og reglar ved kjøp av transporttjenester.
- ✓ Trafikktryggleik er eit årleg tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) til kommunen.
- ✓ Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskadar) i kommunen.
- ✓ Trafikktryggleik er ein del av folkehelsearbeidet til kommunen.
- ✓ Kommunen har ein trafikktryggleiksplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutinar. Inkludert i planen er både trafikantretta og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har eit godt system for å behandle spørnader om skyss på grunn av særleg farleg skuleveg.
- ✓ Kommunen har oppfyllt kriteria for den enkelte sektoren.

## 5 STRATEGI OG HANDLINGSPLAN

### 5.1 OVERORDNA STRATEGI

1. Sikra at trafikktryggleiksarbeidet vert forankra i kommunen si overordna målsetjing om å verta «Trafikksikker kommune» gjennom tildeling av tverrfaglege ressursar og eigen budsjett-post i økonomi-plan
2. Vidare utbygging av trygge skulevegar og trygge avleverings- og henteområde ved skular og barnehagar
3. Etablera eit samanhengjande gang- og sykkelvegnett mellom Laupsa-Lid-Aksnes for å skilja harde og mjuke trafikantar i dei tettast busette delene av kommunen
4. Trafikantretta tiltak (opplæring, åtferdsendrande, informasjon, kontroll)
5. Trafikksikring inkorporert i alle nye arealplanar i kommunen («føre-var» prinsippet)

Trafikksikringsarbeidet i Kvam skal vera forankra i ein overordna strategi og ha ein balanse mellom organisatoriske, trafikantretta og fysiske tiltak.



## 5.2 ORGANISATORISKE TILTAK

Tema	Spesifikasjon	Ansvar
Trafikksikker kommune	Etablera tverrfagleg trafikktryggleiksgruppe. Arbeida for godkjenning av Kvam som «Trafikksikker kommune»	Rådmann
Tverrfagleg koordinering	Årleg koordineringsmøte om fysiske trafikksikringstiltak (Kvam herad, Statens vegvesen*, politi)  Årleg samordning av trafikantretta tiltak (Kvam herad, Trygg Trafikk, politi og andre).	Teknisk sjef  Folkehelse-koordinator
Farleg skuleveg	Tverrfagleg nemnd definerer særleg farleg og vanskeleg skuleveg. Nemnda har representantar frå Kvam herad, politi og Statens vegvesen.	Nemnd vert innkalla av Leiar for oppvekst
Informasjon	Kwartalsvise ulukkesoversikter i sosiale media	Politi

\* Uklart om det vert Statens vegvesen eller Vestland Fylkeskommune som følgjer opp ansvarsoppgåvene frå 2020

### 5.2.1 Trafikksikker kommune

Kvam arbeider for å verta godkjend som «Trafikksikker kommune».

Tiltak må sikta mot oppfylling av kriteria for dette. Viser til vedlegg 6.2 i denne ts-planen.

[www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/](http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/)

### 5.2.2 Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Å avgjera kven som har rett til gratis skuleskyss, er vanskeleg. Retten til gratis skuleskyss er heimla i Opplæringslova § 7 – 1:

*"Elevar i 2. – 10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen, har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda."*

Avstandsgrensa på 2000 og 4000 meter er absolutt, og der er det ikkje rom for å utøva skjønn. Sjølv om skulevegen er kortare enn skyssgrensa, kan elevar likevel ha rett til gratis skyss. Dette gjeld når vegen er særleg

farleg eller vanskeleg. Ei strekning må vurderast som særleg farleg eller vanskeleg både ut frå objektive og subjektive vilkår.

Dei objektive vilkåra relaterer seg til vegstandard og andre trafikale tilhøve. Døme: Trafikktettleik, vegdekke, breidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulukkesstatistikk.

Det er også slik at trafikktihøva kan endra seg gjennom årstidene, til dømes når det gjeld lys/sikt, føre og brøyting.

Dei subjektive vilkåra relaterer seg til den einskilde eleven, t.d. alder, utvikling, syn og høyrsel.

Lova krev at elevane vert utsett for ein fare som er utanom det vanlege, for å få rett til gratis skyss av heradet. Den risikoen elevar til vanleg vert utsett for når dei ferdast i trafikken, er ikkje tilstrekkeleg.

Tilstand til skulevegen kan variera med årstidene. T.d. kan høg fart kombinert med glatte vintervegar medføra ekstra fare for trafikkskader. Dei fleste kommunane praktiserer difor å gje gratis skuleskyss i vinterhalvåret på nokre av strekningane.

### **Vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg**

Ei nemnd representert ved leiar for barnehage og skule, representantar frå politi, vegvesen og tekniske tenester skal vurdera og koma med tilråding om kva strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Leiar for barnehage og skule kallar inn til møte i forkant av nytt skuleår og ved behov.

Målet er å gjera ei kvalifisert og oppdatert vurdering av kva som er særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, og gje gratis skuleskyss til dei som etter lova har krav på det. Vurderinga må vera så rettferdig som mogleg.

Oppveksteininga vil sjå til at skulane gjennomfører ei trafikkopplæring i samsvar med læreplanen. Foreldra har likevel hovudansvaret for trafikkopplæringa av eigne born. Når det t.d. vert gjeven skyss for ein avgrensa periode, er det svært viktig at det vert trent saman med borna slik at dei kan ferdast på eiga hand når skyssen fell bort. Likeeins må foreldra gjera ei eiga vurdering av tryggleiken til borna sine både når dei er på veg til skule og til fritidsaktivitetar. Dette ansvaret har alle foreldre anten dei bur i ein by eller ute på landet.

### 5.3 FYSISKE TILTAK PÅ KORT OG LANG SIKT

Fysiske tiltak vert spissa mot:

Trygg skuleveg inkl nærområde ved skule og barnehage (gang og sykkelveg, veglys, transport)
Kryssings- og punktutbetringar
Samanhengjande gang og sykkelveg mellom Laupsa-Lid-Aksnes og mellom Vikedal og Ålvik
Siktbetring langs veg
Fartsreduserande tiltak

*Desse tiltaka er delte opp i:*

- "Strakstiltak": Tiltak det er realistisk å gjennomføra i perioden, og som ikkje krev planprosess. Alle desse tiltaka er tenkt gjennomførte i perioden 2020-2023 under føresetnad av at midlar vert sikra i budsjetta. Type tiltak er: *veglys, siktutbetring, kryssingspunkt, fartsdemparar, skilting, kontrollar*.
- "Langsiktige": Større tiltak som kan krevja reguleringsendringar, grunneverv og finansiering som går ut over det kommunale trafikksikringsbudsjettet og dei forventa årlege regionale tilskota til trafikksikring. Tiltak der planarbeid eller fysiske arbeid er tenkt starta opp innan utgangen av 2023.

Eit samanhengjande gang/sykkelveg-nett mellom Laupsa-Lid-Aksnes og Vikedal-Ålvik er prioriterte mål, og del-strekningar er prioriterte som vist i tabellen under.

Tiltaksplanen er basert på innspel frå publikum og andre. Prosjekt-gruppa for ts-planen har vurdert innspela, og deretter laga ei prioritert liste, vist i handlingsplanen under.

#### Kvífor er «**Trygg skuleveg**» prioritert i ts-planen?

Ulukkes-statistikken syner svært få «skulevegsulukker», men det er grunn til å tru at det er store mørketal for denne type trafikkskadar. Lokalt er det stor pågang frå foreldre på sikring av skuleveg då mange kjenner seg utrygge. Trygg skuleveg er også eit prioritert område i overordna føringar for trafikksikring. Utryggleikskjensla kan også føra til at det å gå eller sykla til skulen vert erstatta av transport med bil.

### VEGLYS

Veglys er ein viktig type tiltak som er prioritert i denne trafikksikringsplanen, dette fordi veglys er sett på som eit relativt effektivt trafikksikringstiltak. Veglys langs dei ulike vegane i kommunen bidreg til betre sikt, større trafikktryggleik, og høgare grad av «følt tryggleik».

Veglys-armatur med kvikksølv og lågtrykk-natrium vert fasa ut og erstatta av led-lys. I Kvam er det registrert ca 1.300 kommunalt eigde veglys og ca 1.150 fylkeskommunale.

Det er i prinsippet to typar eigarar av veglys i kommunen; offentlege (fylkesvegar og kommunale vegar) og private (private vegar, idrettsanlegg etc).

Veglystenesta på offentlege vegar vert utført av Kvam kraftverk mot betaling frå Kvam herad. Fylkeskommunen yter tilskot til drift av veglysa på riks- og fylkesvegar.

Viktige prioriteringskriterium ved søknader om nye veglys:

- Skuleveg (oppholdsstad/venteplassar/buss-skur/leskur/kryss) vert prioritert før vegstrekk
- Innspel frå offentlege styresmakter og grendalag vert prioritert før enkeltpersonar
- Punkt som er lista i ts-plan vert prioritert
- Trafikkforhold (mengde, fartsgrense, fordeling mellom mjuke og harde trafikkantar, kjende uhell frå tidlegare)
- Kostnad knytt til å etablere nytt/nye lyspunkt i høve til eksisterande nett i området

### 5.3.1 Handlingsplan for fysiske tiltak

Tiltaksplanen er basert på innspel frå publikum og andre. Prosjekt-gruppa for ts-planen har vurdert innspela, og deretter laga ei prioritert liste.

I tabellen nedanfor er prioritering av tiltaka vist ved farge og tidshorisont:

	Topp-prioriterte tiltak
	Middels prioriterte tiltak
	Ikkje prioriterte tiltak
S	Strakstiltak
L	Langsiktig tiltak

Kategori	Nr	Pri	Stad	spesifikasjon	Ansvar
Gang/ sykkelveg			Lidarende-Odland fv 49	Komplettering av g/s veg Vikøy-Aksnes	Vestland
	1		Øystese-Laupsa fv 79	Komplettering av gang og sykkelveg på strekning. Skilting av smal veg. Skuleveg	Vestland
	2		Vikedal-Ålvik fv 79	Utarbeida reguleringsplan for den delen som manglar på strekninga	Vestland/ KHERAD
	3		Ålvik	Opparbeida gangveg på strekninga pensjonisten-Torget	KHERAD
	4		Vikedal-Ålvik fv 79	Gang og sykkelveg	Vestland
	5		Tangerås-Bakka fv 576	Utarbeida reguleringsplan for del av strekning, Strandebarm skule mot Risa	KHERAD
	6		Drage- Augastadvegen, Tvb fv 576	Skuleveg. Smalt, svingete, uoversiktleg. Godkjend reg-plan for strekninga.	Vestland
			Kvamskogen	Plan for gang/sykkelveg vert oppdatert etter overordna tunell-trase er valt.	
			Fosse-Bru, Strandebarm	Skuleveg. Klubbahaugen-Bru er særleg vanskeleg for gåande. Reg-plan viser ikkje g/s veg	
			Oma sentrum	Reg-plan frå 1996. Fortau manglar gjennom sentrum	
			Vavollvegen Øystese	Fortau manglar. Skuleveg. Reg-plan viser ikkje fortau	
			Vangdalsbergtune Ilen fv 49	Sykkelvarsle-anlegg. Vedteke gjennomført i 2020	Vestland
			Krokatveitveg- grendahus Ytre Ålvik	Uoversiktleg strekning. Reguleringsplan manglar.	

Fart	7	S	Gjennomgang av fartstiltak i tettstader. Tiltak vert basert på trafikk-/fartsmåling fv 79, fv 49 og fv 576	Vikedal-Ålvik , Øystese-Laupsa, Vikøy, Norheimsund sentrum, Sandven v FUS, Oma sentrum, Mundheim sentrum. Deler av dette er skuleveg.	Vestland/KH
	8	S	Kvamskogen fv 49	Vurdera fartsreduksjon fra 80 til 60 km/t. Avheng av løysing som vert vald for ny Kvamskogen tunell.	Vestland
	9	S	Bakka fv 576	Vurdera forvarsling av 50 km/t mot sørvest og utforming av avkøyrslar på denne strekninga etter Statens vegvesen sine normer	Vestland
Busstopp	10	S	Synfaring fv 49, fv79 og fv 576	Synfaring for busstoppar sine tilrådingar vert basis for prioritering av tiltak	Vestland
			Steinsdalen busstoppar	Busskur manglar fleire stader	
			Ålvik fv 7 v sjukestova	Busskur manglar	
			Strandebarmheimen	Busskur manglar	
			Strandebarmtunet aust	Busskur manglar	
			Fosse	Flytta busskur nærmere fv 49	
			Vikøy-Aksnes busstoppar	Busskur manglar fleire stader	
Kryssingspunkt/gangfelt	11	S	X fv 49 DalheimTørvikbygd	Stor trafikk til ferja. Skuleveg. Fartsmåling som basis for evt tilleggstiltak	Vestland
	12	S	Kryssing fv79 v Esso Øystese mot Vavollen	Dårleg sikt over varamur for små born. Skuleveg	Vestland
	13	S	Generelt om kryssing for vekslande side av g/s vegar fv 49, fv 79	Vurder merking, fortaus-utforming, belysning	Vestland
	14	S	Kryssing fv 79 ved Rema Norheimsund	Uklare kryssingspunkt, vurdera tiltak	Vestland
	15	S	Vikøy busstopp v kyrkja fv 49	Vurderast som del av Vestland sin kollektivplan. Vurder omlegging av henterutinar for skulebuss	Vestland KHERAD

	16	S	Vikøy busstopp til veg mot Framnes kr vgs, fv 49	Sikra kryssing for fotgengarar. Vurdera flytting av busstopp på austsida av fv 49	Vestland
			Vikøy-Aksnes g/s veg	G/s veg har mange kryssingar over fv 49, vurdera endringar	Vestland
			Nhs Grovagelet	Gangfelt og merkte p-plassar manglar	KHERAD
			Vikøy Blyberg	Heva gangfelt i staden for fartsputer <i>(Vert utført 2019)</i>	Vestland
			Tørvikbygd tursti til Stekka, kryssing av fv 49	Vurdera å flytta opning i autovern til tursti utgang	
Veglys	17	S	Generell sjekk av belysningsstyrke	Øvre Norheim-Kjerrane fv 5120, kryss fv 576 Innstranda/Tveit, Lia Årsnes Mundheim, busstopp X Nes/Salbuvik fv 576, Fossetunellen, Strandebarm, avkørsle fv 5120 v Norheimsvegen 73	Vestland/ KHERAD
	18	S	Kryssing fv 79 v Esso Øystese mot Vavollen	Tilleggsbelysning ved gangfelt	Vestland
			Steinstø kakebu-Steinstø kai fv 79	Vurdera samanhengjande veglys	
			Krokatveitveggrendahus Ytre Ålvik fv 79	Mørkt for gåande. Smalt og uoversiktleg.	
Siktbetring	19	S	Heile kommunen	Hekk-kampanje «Klipp hekk og buskar»	KHERAD
	20	S	Årleg vegetasjonsreinsk	Kommunale vegar Fylkesvegar	KHERAD Vestland
	21	S	Laupsa-Høgebekken fv 79	Etablera siktvindu for tunge køyretøy for hindring av trafikk-konflikt i Skarpasvingen. Vurdera skilting	Vestland
	22	S	Steinstø-Fyksesund bru fv 79	Vegetasjonsreinsk i høgd og breidd for store køyretøy	Vestland
	23	S	Drage-Eidesvågen fv 576	Vegetasjonsreinsk i høgd og breidd for tunge køyretøy. Skuleveg.	Vestland
	24	S	Øystese Gymnas - meierihola fv 5120	Bratt og uoversiktleg veg. Skuleveg. Vegetasjonsreinsk.	Vestland
	25	S	Skjeret Ålvik fv 79	hekk-klipp for betra sikt ved avkørsler til fv 7	Vestland
	26	S	P-plass ved Ålvik skule mot Haugenjordet	Hekk, svært uoversiktleg. Siktrydding. Skuleveg.	KHERAD

	27	S	Torpevegen nedre del, Øystese kv 1068	Hekk og annan sikthindrande vegetasjon må beskerast. Skuleveg.	KHERAD
	28	L	Avkørysle Åsevegen, Tørvikbygd fv 576	Uoversiktleg avkørysle i retning sørvest. Skuleveg.	KHERAD
			Norheimsvegen strekka mellom 53 og 94 fv 5120	Hekk og annan sikthindrande vegetasjon må beskerast.	KHERAD
			Haugenjordet Ålvik	Uoversiktlege avkørysler pga hekkar	KHERAD
			Avkørysle til Kollen, Oma	uoversiktleg	Vestland
			Avkørysle Fossevegen-fv 576	Dårleg sikt	KHERAD
<b>Veg-utbetring</b>	30	S	Kvam ungdomsskule- Nedre Vik	Skuleveg. Etablering av ny veg i samsvar med reguleringsplan eller ny sentrumsplan for Øystese	KHERAD
	31	S	Sæland – FUS bornehage, Norheimsund kv 1017	Skuleveg. Smal. Manglar fortau. Reg-plan godkjend. Forventa oppstart i 2020	KHERAD
	32	L	Steinsdalsfossen, kryssing av elva	Reg-plan i prosess. Tiltak gjennomførast	KHERAD
	33	L	Tvb, Heradstveitvegen - X fv 49	Reg-plan er utarbeidd. Oppstramming kjøremønster i kryss for å unngå konflikt.	Vestland
			X Ljones- Kolltveitvegen fv 576	Godkjend reg-plan på plass. Smalt parti	
			Strandebarm, Rørvik Stegaberg fv 576	Smal og uoversiktleg strekning. Reg-plan manglar.	
			Øystese Gymnas- ned mot elva fv 5120	Skuleveg. Dekke og veg i dårlig forfatning	
<b>Trafikk-regulering</b>	34	S	Sæland Norheimsund kv 1017	Veg er skilta med gjennomkjøring forbode. Fysisk stengsel. Skuleveg.	KHERAD
	35	S	Vikøy fv 49	Vurdera skilt forbikjøring forbode	Vestland
<b>Hjartesone</b>	36	S	Kvam ungdomsskule, Øystese	Skuleveg. Stor trafikk, uklare navigasjonsruter, nesten-ulukker. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU

	37	S	Øystese barneskule	Området rundt skulen har mykje trafikk. Interessekonflikt harde/mjuke trafikantar. Områdeplan vert påbegynt. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD/FAU
	38	S	Norheimsund skule	Stor trafikk. Farlege situasjoner ved konfliktar mellom mjuke/harde trafikantar. Reg-plan for nærområdet vert utarbeidd. Strakstiltak må vurderast. Skule og FAU drøftar tiltak.	KHERAD KHERAD KHERAD/FAU
Andre	39	S	Norheimsund, ved Kvam Auto mot Kaldestad kv 13	Sikring av veg mot bekk. Skuleveg	KHERAD
	40	S	Vetletveit Ålvik kv 1119	Sikring av bekk – akutt tiltak, Vetletveitvegen 12 og 15. Skuleveg	KHERAD
	41	S	Torget Ålvik fv 79	Utbetra därlege fortauskantar for rullestolbrukarar ved busstoppar	Vestland
	42	S	Straumbru-Nedre Norheim fv 79	Därlege fortauskantar for mjuke trafikantar. Skuleveg.	Vestland
	43	S	Øystese sentrum fv 7	Utbetra därlege fortauskantar for mjuke trafikantar. Skuleveg	Vestland
	44	S	Norheimsund og Øystese sentrum	Synfaring med repr frå Rådet for msk med nedsett funksjonsevne og eldre (RMNFE) for betra navigasjon for funksjonshemma	KHERAD/ RMNFE
	45	S	Norheimsund sentrum fv 49	varelevering i fv 49 skaper trafikkfare	KHERAD
	46	S	Tokagjel tunellar fv 49	Sikringstiltak for syklande. Sjåast i samanheng med tunell-løysing til Kvamskogen	Vestland
	47	S	Laupsa-Høgebekken fv 79	Vintersalting i Skarpasvingen	Vestland
	48	S	Øystese gymnas-ned mot elva fv 5120	Betre Vinterbrøyting inkl salting. Skuleveg.	Vestland
	49	S	X Ljones-Instranda fv 576	Sikring mot nedfall av is i fjellskjerding	Vestland
	50	S	Generelt	FIKS-GATA-MI. Oppfølging	Vestland/ KHERAD
			Nedre Norheim	Vurdera utbetring av utrykningsveg frå Toloheimen til fv 79	KHERAD
			Tørvikbygd sentrum	Utarbeiding av ny sentrumsplan	

## Kostnad og finansiering av fysiske tiltak:

Mange av desse er krevjande tiltak. Grov-estimat på kostnader for topp-prioriterte (markert med raudt) og nokre middels prioriterte tiltak (markerte med gult) er vist i Vedlegg. Meir finkorna kostnadsestimat kan berre gjerast etter at planar er meir detaljerte. Kostnad for topp-prioriterte tiltak er truleg 50-70 mill.

Finansiering er tenkt gjennom investerings- og driftsmidlar i Kvam herad i kombinasjon med Vestland fylkeskommune/Statens vegvesen sine trafikksikringsmidlar.

I tillegg er det potensiale for synergisti-effekt ved kombinerte tiltak (trafikksikring i samband med leidningsomlegging og andre infrastruktur-prosjekt).

## 5.4 TRAFIKANTRETTE TILTAK

### 5.4.1 Definisjonar

Ei praktisk forståing av haldning og åtferd i dette arbeidet har vore:

**Haldning:** Mennesket si oppfatning og vurdering av verda rundt seg (personar, samfunnstilhøve, verdisyn, idear etc). Haldningar kan vera basert på eigen kunnskap og erfaring, men er ofte også overtekne ureflekte frå foreldre, vener eller grupper som ein identifiserer seg med.

**Åtferd:** Praktisk handling i møte med omverda. Ofte dominert av dei grunnhaldningane ein person har.

### 5.4.2 Åtferdsending nødvendig for å redusera trafikkulukker

I møte med ny informasjon opplever mange ein innebygd motstand mot å endra åtferd. Dette gjeld også i høve til åtferd i trafikken.

Det er ei vanskeleg, men likevel viktig oppgåve å skapa varige gode haldningar til korleis ein skal oppstre i trafikken. Fysiske tiltak kan til ei viss grad eliminera trafikk-risiki, men det er utan tvil ei åtferdsending som må til dersom ein skal oppnå ein radikal og permanent reduksjon i talet på trafikkulukker frå dagens nivå.

Åtferdsending skjer sjeldan over natta, og det er difor viktig å ha eit langsiktig perspektiv i haldningsarbeidet.

Det finst forskningsresultat som viser at opp til 9 av 10 trafikkulukker kunne vore unngått dersom trafikantane respekterte regelverket fullt ut (fart, promille, bilbelte, vikeplikt m.fl.). Haldningsskapande arbeid som fører til åtferdsendingar er difor svært viktig.

### 5.4.3 Milepælar og endra trafikant-rollar

Tiltak er tenkt retta mot viktige milepælar for ulike aldersgrupper etter kvart som dei vert eksponerte mot nye trafikksituasjoner, og dermed endrar trafikant-rollar og må læra seg nye former for samspel med andre vegfarande:

Fokus-gruppe	Utfordringar
<b>Små born 0-5 år</b>	Sikring av born i bil, bruk av refleks
<b>Born 6-15 år</b>	Nye på skulevegen, ferdsel mellom heim og barnehage og skule, bruk av sykkel til skulen
<b>Ungdom 16-20 år</b>	Bruk av moped, start øvingskjøring med bil, nye bilførarar
<b>Unge vaksne 21-35 år</b>	Foreldre-rolle i trafikk. Skuleveg-problematikk.
<b>Vaksne</b>	Oppdatering på trafikkreglar og eigen kjøre-evne
<b>Innvandrarár</b>	Tilpassa trafikk-kultur til norske reglar

#### 5.4.4 Trafikk i læreplanverket

Staten innfører ny læreplan frå 2020 der trafikktryggleik inngår som del av læreplanen.

Skulen må tilpassa seg dette og iverksetja tiltak som oppfyller lærings- og kompetanse mål i den nye læreplanen.

#### 5.4.5 Handlingsplan for trafikantretta tiltak

Mål-gruppe	Tiltak	Ansvar
Små born 0-5 år	<p><u>Helsestasjon</u> har utarbeidd dokumentasjon for når og korleis trafikktryggleik vert innført i møte med foreldre og born.</p> <p>Miljø og tryggleik som tema ved kvar konsultasjon i alderstrinn 0-5 år.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Heimebesøk:</b> 2 stk brosjyrer «Dyrebar last, Barns miljø og sikkerhet 0-6 mnd» Førebygging av ulukker og skader</li> <li>• <b>Barselgrupper, 6 veker, 3 mnd, 4 mnd, 5 mnd:</b> «Barns miljø og sikkerhet, 0-6 mnd»</li> <li>• <b>6 mnd, 8 mnd, 10 mnd, 1 år, 15 mnd, 18 mnd</b> «Barns miljø og sikkerhet, 6 mnd-2 år»</li> <li>• <b>2 år:</b> « Barns miljø og sikkerhet 2-4 år»</li> <li>• <b>4 år:</b> « barns miljø og sikkerhet 4-6 år»</li> <li>• <b>Skulestart 1.klasse:</b> «barns miljø og sikkerhet»</li> </ul> <p><a href="http://www.tryggtrafikk.no/sikring-av-barn-i-bil/nyttige-brosjyrer-om-barn-bil/">www.tryggtrafikk.no/sikring-av-barn-i-bil/nyttige-brosjyrer-om-barn-bil/</a></p>	Leiar for helsestasjon og skulehelse-tenesta
